

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 02.02.2015
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Prosess for prognose i Sjukehusapoteka Vest**

Styresak 08/15 (O)

Styremøte 11.02.2014

Forslag til vedtak

1. Styret tek sak om prosess for prognose i Sjukehusapoteka Vest til orientering.

Oppsummering


Prognose vert utarbeidd som årsprognose for å gje leiing og styre oppdatert styringsinformasjon gjennom året. Prognosen inneheld realiserte rekneskapstal og beste estimat for varesal, bruttoforteneste, tenestosal, bemanning og driftskostnader resten av året. Prognose vert utarbeid til kvart styremøte etter ein årleg rapporteringskalender (vedlagt), fyrste gong i 2015 til styremøtet 18.mars. Det er skissert ein arbeidsprosess som involverer budsjettansvarleg med omsyn til vurdering av realiserte resultat og framtidige estimat. Arbeidet vert gjennomført ved bruk av budsjett og prognoseverktøyet SIM. Resultat for SAV er sterkt påverka av varekostprosent (bruttoforteneste) som historisk har svinga mykje etter kva produktmiks som er realisert. Resultatet er og påverka av volum i tilsetningsproduksjon og tilgjengeleg kapasitet av rådgjevingsfarmasøytar. Vidare utvikling av sals system vil betre kvalitet i data som ligg til grunn for framtidige estimat. Dette vil redusere usikkerheten i budsjett og prognoser.

Fakta

Formålet med prognosearbeidet er å gi leiinga og styret oppdatert styringsinformasjon gjennom året etter som ny informasjon blir tilgjengeleg.

Prognosen inneheld regnskapstal for periodane vi har bak oss og beste estimat for forventa utvikling resten av året. Prognosen er difor ein årsprognose og ikkje ein rullerande prognose. Fokus i prognosen er å oppdatere estimat for varesal, bruttoforteneste, tenestosal, bemanning og driftskostnader.

I samband med utvikling av system for verksemdsstyring i SAV er prosess for prognosearbeidet tegna:



Prognose vert utarbeid etter ein rapporteringskalender (Vedlegg 1) som tilseier at prognose vert oppdatert til kvart styremøte. For 2015 vil det bli utarbeidd oppdatert prognose sju gonger, fyrste gong til styremøte 18. mars basert på rekneskapstal for februar. Fram til då svarer årsprognose til budsjett for 2015.

Prognosearbeidet vert gjennomført ved at businesscontroller i Økonomiavdelinga i Føretaksadministrasjonen oppdaterer system for budsjett og prognose (SIM) og oppdaterer malar til bruk i arbeidet. Naudsynte føringar frå Helse Vest eller leiinga som kan medføre økonomiske endringar, som til dømes vedtak i leiarmøter i SAV mv., vert teke omsyn til.

Businesscontroller hentar ut regnskapstal via regnskapskuben og volumtal for sal av varer og produksjonstenester frå apotekkuben og FarmaPro. Med utgangspunkt i realisert volum og budsjett for 2015 utarbeider businesscontroller eit forslag til estimat for volum i varesal, produksjonstenester, rådgjevingstenester, bemanning og driftskostnadsbudsjett for resten av året.

Økonomiavdelinga i Føretaksadministrasjonen har, med grunnlag i volumtall for tidsperioden 2005 til 2014, utarbeida ein modell for periodisering av varesal og sal av produksjonstenester. Det er estimert ein eigen periodisering for kvart av verksemdsområde (SHE, PUB og PRO) som saman med realiserte tal er grunnlaget for estimering av framtidig sal av varer og produksjonstenester.

Realiserte tal hittil i år og forslag til estimat vert kommunisert til budsjettansvarlege (Excel-mal i e-post). Budsjettansvarleg vurderer businesscontroller sin forslag og gjev tilbakemelding om forventa endringar. Økonomiavdelinga i Føretaksadministrasjonen vurderer og realiserte varepriser og varekostprosent mot budsjett.

Tilbakemeldingane frå budsjettansvarleg og eventuelle endringar i pris og varekostprosent blir lagt inn i prognosen i SIM som etter dette vert låst for den aktuelle månaden.

Resultat for SAV er sterkt påverka av varekostprosent (bruttoforteneste). Varekostprosent har historisk svinga mykje og er jamt stigande for varer som ligga innanfor nasjonal apotekavanse. I budsjett og prognose er det sett mål om å auke sal av varer med fri prisdanning og betre margin. Endring i produktmiks vil medfører svingingar i varekostprosent som og gjer prognosen usikker. Andre forhold som historisk har påverka resultatet mykje er utvikling av volum i tilsetningsproduksjon og tilgjengeleg kapasitet av rådgjevingfarmasøytar. Prisar for produksjonstenester og rådgjeving vert fastsett for kvart år basert på budsjett og utan risikopåslag. Usikkerhet er difor knytt til endingar i volum.

Kommentar

SAV har sidan 2013 utarbeidd årsprognose, årsbudsjett og langtidsbudsjett i budsjettverktøyet SIM. Modellar i SIM legg til grunn tilfredsstillande datakvalitet knytt til volum, periodisering og prisar ved uttrekk frå sals systemet FarmaPro. Vidare utvikling av sals system kan betre presisjon i estimat som ligg til grunn.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Rapporteringskalender for SAV 2015